

ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA 2018.

Styret har vore samansett slik:

Leiar Asgeir Bakke

Styremedlem:

Dag Rune Eimhjellen

Kari-Ann H.Horne

Anne-Karin Løken Nesstun

Friidrettsgruppa har hatt to treningar i veka, frå mai og utover hausten. Vi tar oss ei pause om sommaren. Treningane har vore på tysdagar og onsdagar. Det har vore jamnt oppmøte på treningane, mellom 20 og 40 ungar. Flest på den yngste gruppa. Har hatt med deltakarar på Sparebankleikane og heialeikane, elles dårleg deltaking på friidrettsstemner.

Vi har hatt 3 gruppemøter pluss telefonkontakt.

Arrangement vi har hatt:

25 April – terrengløp med 52 deltakarar.

Idrettsleikar med 30 deltakarar, og med leiarane Linn Kathrin og Aina Sofie Bakke, og medhjelparane Peder Naustdal og Kasper Mundal.

Over Brekka 26 august, med 71 deltakarar, 29 av dei i konkurranseklassa.

Lagsmesterskap 16 september, med 25 deltakarar.

Har og hatt 3 økter med Eid Idrettsskule, og nokre økter med Sommarcampen.

Fjelltrimmen går sin vante gang, med premiering til dei to klassene under tjue år. Fortsatt er det Kamben og Kjenndalen som er mest besøkt. Resultat er kunngjort på faceboksida til Haugen il.

Hjelmeland 13.3.19

Asgeir Bakke, leiar.